



Uskedal Ungdomslag rundar 125 år 26. november, men det er ikkje planlagt nokon markering, opplysar Rigmor Rasmussen. Det skuldast at styret rett og slett ikkje har vore merksam på den sjeldne milepelen.

Rigmor peikar på at det for tida sit berre 3 i leiinga - det er Lovise Sunde, Karin Saghaug Kjerpeseth og henne. Og no er det i alle tilfeller for stutt tid til å planleggja noko.



Bertel P. Myklebust vart ein foregangsmann på mange områder

UUL har no hatt få i leiinga og få aktive i ei årrekkje, men dei har til gjengjeld gjort ein innsats som det står stor respekt av - ikkje minst for å oppgradera Helgheim. Sist har kjøkenet vorte nytt og får ros av brukarar. Også sanitærrrom er opprusta. Ein som ikkje har oversett at eit så sjeldant jubileum kan markerast før dette året er omme, er den stadig like entusiastiske utflyttar Olaf Agnar Gausvik.

Han har sendt uskedalen.no prologen han heldt ved jubileet for 40 år sidan og der står desse versa:

**Ein novemberdag samlast
dei i skulestova om ein
ung ide, samsnakkast og
lova kvar og ein, å vera
med på å gjera røyndom
av den draumen som til då
hadde levd i løyndom
hos dei få**

**Alt i dette fyrste halvår møttest
dei kvar sundagskvelden skifte
ord i skjemt og alvor og dei fleste
laut i elden og sei litt om alt frå
røysterett til jordbuksdrift eller
lesa litt som dei fann fram frå blad
og skrift**

Som det går fram av prologen var det i skulestova dei møttes og kven var dei? Dei var undt 20 på møtet og som styre vart vald Bertel P. Myklebust som formann, Sivert Kjærland som nestformann og Knut Haraldsen som kassastyrar og skrivar.

Både Bertel og Knut var som mange andre bondeungdommar på den tida underoffiserar utdanna i Bergen og Sivert var bonde. Den siste vert i jubileumsboka frå 1988 beteikna som 'ei levande bygdesoge som var med og arbeidda fram mange store saker i bygda'

Frå starten var føremålet med laget å hjelpa ungdommen til opplysning og oppseding gjennom lagsarbeid, men opp gjennom 1890-åra vart nasjonal reising hovudmålet på ulike område, slår forfattar av jubileumsboka Kristian Olav Bringedal fast. Heilt frå start var interessa for laget stor og mange gledde seg til sundagskvelden heile veka. Det vart halde møter kvar einaste sundag!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rigmor Rasmussen - eldsjel i ungdomslaget gjennom mange år